

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 45/2005**

**av 29. april 2005**

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 43/2005 av 11. mars 2005<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsvedtak 2004/517/EF av 21. juni 2004 om endring av kommisjonsvedtak 2001/881/EF med omsyn til lista over grensekontrollstasjonar som er godkjende til å føre veterinærkontroll med produkt og dyr frå tredjestatar<sup>(2)</sup>, skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2004/608/EF av 19. august 2004 om endring av kommisjonsvedtak 2001/881/EF med omsyn til lista over grensekontrollstasjonar som er godkjende til å føre veterinærkontroll med produkt og dyr frå tredjestatar<sup>(3)</sup>, skal takast inn i avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg I kapittel I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2001/881/EF) i avtala skal nye strekpunkt lyde:

”– **32004 D 0517**: Kommisjonsvedtak 2004/517/EF av 21. juni 2004 (EUT L 221 av 22.6.2004, s. 18),

---

<sup>(1)</sup> TEU L 198 av 28.7.2005, s. 45, og EØS-tillegget til TEU nr. 38 av 28.7.2005, s. 26.

<sup>(2)</sup> TEU L 221 av 22.6.2004, s. 18.

<sup>(3)</sup> TEU L 274 av 24.8.2004, s. 15.

- **32004 D 0608**: Kommisjonsvedtak 2004/608/EF av 19. august 2004 (EUT L 274 av 24.8.2004, s. 15).”

*Artikkel 2*

Teksta til vedtak 2004/517/EF og 2004/608/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 30. april 2005, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, 29. april 2005.

*For EØS-komiteen*  
*Formann*

*R. Wright*

*Sekretærer for EØS-komiteen*

*Ø. Hovdkinn*

*M. Brinkmann*

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.